



Eitt knippe Trio-symjarar var til Stod på symjestemne i helga - det første i denne sesongen. Det vart sett mange personlege rekordar.

Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø frå Uskedalen (biletet) kom på andre plass på 100 meter fri i klassen for dei som var fødd i 1996. Han symja inn på 1,17,54 medan vinnaren Benjamin Alic frå Haugesund hadde tida 1,05,79.

Vetle Vedøy fekk femte plassen i 1994-klassa, Marius Torget fjerde plassen i klasse 1995 og Marius Mælen Haukland tredje plassen i 1997-klassa. Marius fekk andre plassen i 1997-klassa, 100 meter bryst for herrar. I klasse SR/MR, 100 meter individuell medley for herrar, symja Hans Haukland inn til andre plassen.

(Foto: Hans Haukland)